

Samarbeidsavtale mellom Alver kommune og Austrheim kommune om elevar til Kaland skule frå tidlegare Åsheim krins.

§ 1 Kva avtalen gjeld

Rettsleg grunnlag for avtalen er opplæringslova § 8-1, tredje ledd :

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.

Elevar i tidlegare Åsheim krins som bur i Alver kommune har rett til å gå på Kaland skule frå 1.-7. klasse dersom dei søker Alver kommune om dette. Ungdomsskuleelevarane skal gå på Lindås Ungdomsskule.

§ 2 Økonomi

Denne avtalen blir å rekna som ressursavtale mellom Alver kommune og Austrheim kommune for dei elevane frå tidlegare Åsheim krins i Alver som er elevar på Kaland skule.

Alver kommune har ansvar for kostnader knytt til skuleskyss etter loven, på kommunale og fylkeskommunale vilkår.

Alver kommune har ansvar for kostnader per elev med ein årleg grunnsats på 50 000,- Pris vert årleg justert med utgangspunkt i kommunal deflator som blir lagt fram i samband med statsbudsjettet kvart år.

Sats for spesialundervisning følgjer sats for gjesteelevar i kommunane i Vestland sist justert april 2021.

Refusjonskrav blir sendt halvårleg, innan 1. juni og 1. desember.

§ 3 Spesialundervisning

Ved behov for sakkunnig vurdering etter § 5-1 i opplæringslova, er Alver PPT sakkunnig part. Vedtak om spesialundervisning vert fatta av Alver kommune i samarbeid med rektor på Kaland skule. Årleg rapport på gitt tiltak skal sendast Alver kommune.

Kaland skule skal ha ein fast kontaktperson i Alver PPT som ein kan kontakta ved behov.

Før ein tar stilling til eventuell bruk av alternativ opplæringsarena, skal ein ha drøfta saka med Alver kommune v/tenesteleiar. Det skal utarbeidast sakkunnig uttale i kvart tilfelle før tiltak vert sett i verk. Vedtak om alternativ opplæringsarena vil bli vurdert opp mot eit likeverdig tilbod i Alver kommune.

§ 4 Dialog om opplæring og læringsmiljø

Alver kommune og Kaland skule sikre jamleg og tilstrekkeleg dialog om opplæringa til elevane. Som minimum gjeld:

- Rektor på Kaland skule og tenesteleiar i Alver skal halvårleg gjennomføre eit samarbeidsmøte.
- Alver kommune og Kaland skule skal årleg gjennomføre eit planlagt dialogmøte om læringsresultat og læringsmiljø. Alver kommune har ansvar for å organisere og kalle

inn. I forkant sender Alver kommune ut førebuingsmateriell knytt til opplæring og læringsmiljø.

- Kaland skule utarbeider årleg ein rapport om elevane sitt skolemiljø. Ein nyttar same mal som for skulane i Alver.

§ 5 Skuleskyss

Austrheim kommune har ansvar for å sakshandsama og administrere rett til fri skuleskyss for elevane frå Alver kommune.

Dette gjeld:

- Retten til fri skyss på fylkeskommunale vilkår. Dette gjeld for lang skuleveg og ved varig eller mellombels funksjonsnedsetting eller sjukdom. Fylkeskommunen har ansvar for skyssen til og frå skulen. Kommunen administrerer søknader.
- Farleg eller vanskeleg skuleveg. Kommunen har ansvar for handsaming av søknader og å fatte vedtak.
- Behov for reisefølge og ordningar ved delt bustad vert vurdert i kvart tilfelle.

§ 6 Varsel til Alver kommune

I ein del tilfelle som gjeld elevar skal skuleeigar varslast av rektor/skulen

Til dømes er dette ved:

- Stort fråvær frå skulen/opplæringa
- Der elevar utset, eller vert utsett for vald
- I saker der andre instanser er kopla inn
- Saker som følgjer under opplæringslova Kapittel 9A om elevane sitt skolemiljø

I saker der Kaland skule har varsla Austrheim kommune som skuleeigar, skal Austrheim kommune v/kommunalsjef varsle Alver kommune v/tenesteleiari i dei saker som vedkjem elevane som denne avtalen angår.

§ 7 Oversikt over elevar

Det vert halde oversikt over elevane sin tilhørighet til klasse/gruppe/trinn i kvart av kommunane sine system. Kaland skule gjev informasjon til Alver kommune ved eventuelle namne- og adresseendringar til elevar og føresette. Det vert sendt kopi av flyttemeldingar til Alver kommune.

§ 8 Handtering av arkivverdige opplysningar

Austrheim kommune/Kaland skule skal ha elektronisk elevmappe for elevar som går på skulen. Det er Austrheim kommune sitt ansvar å oppbevare arkivverdige opplysningar også etter at elevane har slutta på Kaland skule.

Alver kommune skal opprette eigne elevmapper for alle elevane. I desse mappene skal det ligge informasjon om at dei er/har vore elevar ved Kaland skule. I tillegg skal det bli arkivert naudsynt dokumentasjon sakshandsama av Alver kommune.

Krav om innsyn i elevmappe etter at eleven har slutta, skal handtert av Austrheim kommune. Alver kommune skal handtere innsyn i dei opplysninga som er arkivert i Alver kommune.

Austrheim kommune har ansvar for å handtere personopplysningar etter gjeldande regleverk, jfr. personvernforordninga og personopplysningslova.

Overføring av informasjon om elevane ved skulebyte skal skje i henhold til oppl. § 15.10 og forskrift til oppl. § 22A-3.

§ 9 Iverksetjing, avtaleendring og oppseiing

Avtalen er gjeldande frå skuleåret 2023/2024.

Vilkåra i avtalen kan reforhandlast i avtaleperioden dersom partane er samde om dette.

Den einskilde kommune kan seie opp avtalen med ei oppseiingstid på eit skuleår, eller etter avtale mellom partane.

Trine Merete Jansen
Kommunalsjef oppvekst og kultur
Austrheim kommune

Kristin Moe
Kommunalsjef oppvekst
Alver kommune